



## ULVIK HERAD UTVIKLING

### RETNINGSLINER FOR KUNSTNARLEG UTSMYKKING AV KOMMUNALE BYGG OG UTEAREAL I ULVIK HERAD

#### **1. Føremål**

##### **Føremålet med utsmykkingsordninga er:**

- sikra midlar til kunstnarleg utsmykking av bygg der kommunen er byggherre.
- skape eit miljø for dei som arbeider i og vitjar kommunale bygg.
- sikra midlar til kunstnarleg utsmykking av kommunale uteareal og eksisterande kommunale bygg.
- sikre arbeidsoppdrag for lokale og regionale kunstnarar.

#### **2. Utsmykkingsnemnda**

##### **Det vert oppnemnt ei utsmykkingsnemnd av heradsstyret for kvar valbolk samansett slik;**

- 1 representant frå heradsstyret
- 1 representant frå utviklingsstyret
- 1 representant frå lokal/regional kunstnarorganisasjon

#### **3. Kommunale nybygg**

Til kommunale nybygg, tilbygg og restaureringsarbeid der bygget skal nyttast av publikum og/eller tilsette i heradet, skal det nyttast inntil 2% av budsjettert byggesum til kunstnarleg utsmykking i eller omkring bygget.

##### **Ved nybygg skal den permanente utsmykkingsnemnda supplerast med:**

- 1 representant frå dei tilsette
- 1 representant frå byggjenemnda
- bygget sin arkitekt

#### **4. Utsmykkingsnemnda sine oppgåver**

##### **For kommunale uteareal og eksisterande bygg:**

- nemnda skal koma med framlegg til kunstnarleg utsmykking til utviklingsstyret i samband med budsjetthandsaminga.

##### **For kommunale nybygg:**

- utarbeida ein utsmykkingsplan utfrå budsjettert sum.
- senda utsmykkingsplanen til Norsk Kulturråd sitt utsmykkingsutval for endeleg stadfesting.
- iverksetje utsmykkingsplanen. Komiteen har ikkje høve til å gjera avtale om oppdrag eller kjøp eller invitera til konkurranse før utsmykkingsplanen er stadfesta av Norsk Kulturråd sitt utsmykkingsutval.
- komiteen skal elles arbeida i tråd med Norsk Kulturråd sine retningslinjer for utsmykking av offentlege bygg datert 03.02.83.